

Til Meland Kommune

9.juni 2015

v/ Rådmann Ingvild Hjelmtvedt

5906 Frekhaug

Vedk. ferdiggjering av tilrettelagt tilkomst til Meland kyrkje.

For lang tid attende tok Fellesrådet opp spørsmål om ein tilrettelagt tilkomst til Meland kyrkje til inngangen på baksida.

Rådet tok saka opp med leiinga for Meland kyrkje. Det vart då meldt at kyrkja ikkje hadde midlar til å dekkja utgiftene til å opparbeida ein tenleg tilkomst både sommar og vinter.

Saka vart då teke opp i den såkalla trivselskomiteen med tanke på å dekkja utgifter til hellelegging med varmekablar under.

Arbeidet med hellelegging er no gjort og det har vorte eit fint inngangsparti.

Likevel er det ikkje tilgjengeleg for rullestolbrukarar då det manglar ein liten «skrårampe» mellom hellene og dørstokken. I tillegg bør det snarast asfalterast inntil det som er hellelagt då det er vanskeleg å køyra rullestol på grusunderlag.

Fellesrådet er usikker på kven som har ansvaret for å gjera dette viktige arbeidet ferdig.

Vonar difor at Rådmannen kan ta tak i saka og sjå til at det snarast vert mogeleg å koma seg inn/ut av kyrkja, utan å måtta gå inn via tilbygget og gjennom fleire rom før ein kjem inn i kyrkjerommet.

Fellesrådet

Sigurd Knudsen

Kopi: Kyrkjeverge i Meland Anne Sofie Uthaug